

# KULTURDEPARTEMENTET SIN NYNORSKPRIS FOR JOURNALISTAR

*Årsrapport 2017*



Jens Kihl og Guri Kulås, begge journalistar i Klassekampen, deler prisen i år. – På sitt beste er Kihl ein gullpenn med stort overskot. Kulås kombinerer eit høgt språkleg nivå med eit høgt fagleg nivå, heiter det i grunngjevinga frå juryen.

Juryen gav òg ros til avisa deira: - Klassekampen aukar opplaget, samstundes som avisa har vore leiande i å bruke nynorsk, som ei av få riksaviser. Årets tildeling er dermed òg ein flik av heider til ei riksavis som har gått føre i å vise at vi kan skrive om **alt** på nynorsk.

Prisen vart delt ut under Dei nynorske festspela i Ørsta 30. juni. Dette var den siste tildelinga frå denne juryen, og departementet har nemnt opp ny jury for 2017-2021.

Magni Øvrebotten

24.08.2017

# KULTURDEPARTEMENTET SIN NYNORSKPRIS FOR JOURNALISTAR

*Årsrapport 2017*



## Prisvinnar med spark til NJ

**Jens Kihl retta skarp kritikk mot si eiga fagforeining då han og kollega Guri Kulås tok imot Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar. - Norsk Journalistlag (NJ) er diverre ikkje særleg oppteken av vilkåra for nynorskbrukande journalistar. Det er framleis sånn at det beste språket har dei dårlegaste vilkåra, utan at det plagar NJ noko særleg, sa Jens Kihl i takketalen.**

Han takka spesielt Norges Mållag for at dei er opptekne av vilkåra for nynorsk i media. - Det er godt at den språklege fagforeininga mi står parat til å kjempe for den nynorske journalistikken, sa Kihl, som sjølv er nestleiar i Noregs Mållag og leiar for NJ-klubben i Klassekampen.

Begge prisvinnarane takka redaktør Bjørgulv Braanen for at dei får lov til å skrive nynorsk i Klassekampen. – Det er litt moro å skrive eit språk som tydelegvis er så farleg at redaktørane i dei fleste storavisene ser seg nøydde til å forby det på redaksjonell plass, sa Jens Kihl i takketalen, og la til: - Det er heilt fantastisk at redaktør Gard Steiro har oppheva forbodet mot nynorsk i VG. Det utdaterte, pinlege og trongsynte nynorskforbodet i Dagbladet, Aftenposten, Dagens Næringsliv og mange, mange andre riksaviser gjer minst to ting: Noreg

lir eit kulturelt tap. Og sjefen min kan vere trygg på at eg ikkje søker meg til ein større redaksjon med det fyrste, sa Jens Kihl til latter frå salen i Aasentunet.

Guri Kulås sa at ho såg prisen som ei symbolsk støtte til kulturell rikdom og minoritetsrettar. – Eg kunne ha spara meg sjølv for bry og bydd meg lettare fram for fleire lesarar om eg brukte majoritetsspråket. Det er lettare å skriva korrekt og stilistisk gjennomarbeidd bokmål enn nynorsk. Bokmål er norma, og i pressa er denne norma planta på Aftenpostens konservative grunn, medan nynorsken er det «viltveksande» avviket. I motsetnad til bokmålsjournalistar nyttar vi formriksdomen i ordlista. Vakker i teorien, men så pressa som nynorsken og dialektane er, blir fridomen unekteleg både eit fundament for feilskjer og eit frikort til Stilistikkelskapet Disharmonien, sa Kulås, og la til:

– Skal nynorsk ha ei framtid, kan vi ikkje slutte å utfordre vanen og reservat-tenkinga hjå majoriteten og oss sjølve. Eg skal halde fram med det frå mi tuve i medieeverda, med å skriva filmmeldingar på nynorsk.

Det var jurymedlem Svend Arne Vee som overrekte prisen til Guri Kulås og Jens Kihl. Dei fekk 25.000 kroner kvar, diplom og eit trykk av kunstnaren Oddvar Torsheim. Kulås fekk "Fanden på kino" og Kihl "Morgon i Sunnfjord".



Det kom inn 26 framlegg til prisvinnarar i år. Dette var den siste tildelinga frå denne juryen for Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar. Der har kommunikasjonssjef Håkon *Haugsbø* vore leiar, og hatt med seg forfattar/journalist Agnes *Ravatn* og redaktør Svend Arne Vee. Ingen av dei ynskte attval.

## Ei glede å gje prisen

I fråsegna frå juryen skriv dei at Guri Kulås kombinerer eit høgt språkleg nivå med eit høgt fagleg nivå. Ho skriv ledig og oppfinnsamt, og samstundes klart og presist. - Fagleg deler ho vurderingane sine av estetiske sider ved filmene på ein måte som gir lesaren innsikt i dette kunstuttrykket, og ho gjer det tilgjengeleg og forståeleg også for eit publikum som ikkje er skulert i filmfaget. Som filmjournalist i ei riksdekkande avis medverkar Kulås til å gjere nynorsken til ein naturleg og integrert del av eit breitt og populær-

kulturelt uttrykk. Kombinasjonen av stringent språk, lyttande haldning til kunstverkets under- og overtonar, og ei evne til å ta aktuelle samfunns-spørsmål på kornet, gjer det til ei glede for denne juryen å gi prisen til Kulås.

### Ein gullpenn med overskot

- Jens Kihl skriv leikent og underhaldande, har blikk for detaljar, og teft for gode saker. Fleire av sakene hans har sett politisk dagsorden, og har levd vidare i andre media og i Stortinget, skriv juryen. Dei meiner at Jens Kihl føyer seg inn i den særleine nynorske journalisttradisjonen som kombinerer lett med tungt, humor med alvor. - På sitt beste er Kihl ein gullpenn med stort overskot. Det siste året har Klassekampen drive folke-opplysing om kommune- og regionreforma, og Jens Kihl har stått heilt sentralt i det arbeidet. At han har greidd kunsten å gjere desse reformene til interessant og underhaldande lesnad er i seg sjølv god nok grunn til at han fortener denne prisen, skriv juryen.

### Bakgrunnen til prisvinnarane:

**Jens Kihl** er fødd i 1986 og kjem frå Ullevål Hageby i Oslo. Han har vore politisk journalist i Klassekampen sidan hausten 2013. For Jens Kihl er det å skrive nynorsk eit politisk standpunkt. Han er nestleiar i Noregs Mållag og leiar for NJ-klubben i Klassekampen på fjerde året.

**Guri Kulås** er fødd i 1967 og kjem frå Levanger i Nord-Trøndelag. Ho har vore journalist og filmmeldar i Klassekampen i 20 år. Kulås gjekk på eit av dei siste kulla som hadde nynorsk som opplæringsmål i Levanger.

### Ny jury 2017-2021



Kulturdepartementet har nemnt opp Solveig Barstad, Inger Johanne Sæterbakk og Øystein A. Vangsnes som ny jury for nynorskprisen for journalistar. Departementet har gjeve dei denne oppgåva frå 1. juli 2017 til 1. juli 2021. Juryen vel sjølv leiar og skal ha sitt fyrste møte 25. september.

**Solveig Margrethe Barstad** (1966), Bærum.

Journalist og programleiar for TV 2 hjelper deg og Matkontrollen i TV 2. Ho har også vore programleiar i andre TV 2-program, mellom anna God morgen, Norge. Barstad kjem frå Førde i Sunnfjord og byrja som journalist i NRK Sogn og Fjordane. Ho har også vore programvert i NRK. Barstad har hovudfag i statsvitskap og grunnfag i historie og offentleg rett frå Universitetet i Oslo.

**Inger Johanne Sæterbakk** (1981), Oslo.

Kommunikasjonsrådgjevar i Norges Bondelag. Ho var leiar for Språkåret 2013 og er styremedlem i Noregs Mållag. Sæterbakk var nynorskpraktikant på det fyrste kullet til NRK Nynorsk mediesenter 2004/05 og arbeidde fleire år i NRK etterpå. Ho har òg arbeidd med informasjon for Hålogaland teater og Tromsø kommune. Sæterbakk er fødd i Bodø og oppvaksen i Orkanger.

**Øystein A. Vangsnes** (1968), Tromsø

Professor i nordisk språkvitskap ved UiT Noregs arktiske universitet og professor II ved Høgskulen på Vestlandet i Sogndal. Vangsnes er oppvaksen på Leikanger og Skjetten, og utdanna frå Universitetet i Bergen. Han forskar mellom anna på den norske tospråksstoda. Han er rådsordførar i Nynorsk kultursentrum og sit i styret for Litteraturselskapet Det Norske Samlaget. Vangsnes er òg medlem av Fagrådet for skule og offentleg forvaltning i Språkrådet.

**Heile grunngjevinga frå juryen****Guri Kulås:**

Som filmmeldar i Klassekampen gjennom 20 år kombinerer Guri Kulås eit høgt språkleg nivå med eit høgt fagleg nivå. Ho skriv lett og oppfinnsamt, klart og presist.

Fagleg deler ho vurderingane sine av estetiske sider ved filmene på ein måte som gir lesaren innsikt i dette kunstuttrykket, og ho gjer det tilgjengeleg og forståeleg for eit publikum som ikkje er skulert i filmfaget.

Filmmeldingane hennar er ofte som små essays som set filmene og dei medverkande både bak og framfor kamera inn i ein filmhistorisk samanheng. Kulås formidlar også både politiske, sosiale og psykologiske innsikter.

Som kulturjournalist med særleg vekt på film i ei riksdekkande avis bidrar Kulås til å gjere nynorsken til ein naturleg og integrert del av eit breitt og populærkulturelt uttrykk.

Kombinasjonen av stringent språk, lyttande haldning til kunstverkets under- og overtonar, og ei evne til å ta aktuelle samfunnsspørsmål på kornet, gjer det til ei glede for denne juryen å kunne gi prisen til Kulås.

### **Jens Kihl:**

Jens Kihl har inga lang journalistkarriere bak seg. Men dei få åra han har verka som politisk journalist i Klassekampen har han nytta godt.

Jens Kihl skriv leikent og underhaldande, har blikk for detaljar, og teft for gode saker. Fleire av sakene hans har sett politisk dagsorden i landet, og har levd vidare i andre media og i Stortinget.

Kihl føyer seg dessutan inn i den særeigne nynorske journalisttradisjonen som kombinerer lett med tungt, humor med alvor. Dei skarpe og tøvete, syrlege og muntre og av og til sjikanøse petitane hans i den faste spalta Dagboka som dagleg står side om side med Kihls tyngre politiske journalistikk viser at Kihl på sitt beste er ein gullpenn med stort overskot.

Dei siste åra har Klassekampen drive folkeopplysing om kommune- og regionreforma, og Jens Kihl har stått heilt sentralt i det arbeidet. At Kihl har greidd kunsten å gjere desse reformene til interessant og underhaldande lesnad er i seg sjølv god nok grunn til at han fortener denne prisen.

Begge journalistane har den mangeårige opplagsvinnaren Klassekampen som arbeidsstad. Klassekampen har i ei årrekkje vore leiande i å bruke nynorsk, som ei av svært få riksaviser. Årets tildeling er dermed òg ein flik av heider til ei riksavis som har gått føre i å vise at vi kan skrive om *alt* på nynorsk.

Oslo/Valevåg 9. mai 2017.

Håkon Haugsbø (leiar), Agnes Ravatn og Svend Arne Vee.

## **Takketalane frå prisvinnarane:**

### **Jens Kihl:**

Gode jury. Tusen takk for pris. For ein som berre er i startgropa av journalistlivet er det verkeleg stas å bli sett for den journalistikken eg lagar – og for det språket eg skriv på. Det er jo dette eg alltid har drøymt om å drive med. Det er dette eg har aller mest lyst til å gjere resten av livet. Og så må eg seie at det er fint å dele prisen med Guri. Ho er ein svært språksikker kollega som eg ofte let meg imponere av.

Så vil eg takke Noregs Mållag. Fagforeininga mi, Norsk Journalistlag, er diverre ikkje særleg oppteken av vilkåra for nynorskjournalistane. Det er framleis sånn at det beste språket har dei dårlegaste vilkåra, utan at det plagar NJ noko særleg. Då er det godt at mållaget, mi språklege fagforeining, står parat til å kjempe for den nynorske journalistikken.

For mange år sidan arrangerte Norsk Tidend, medlemsbladet til Noregs Mållag, eit kurs for oss som skreiv i bladet. Der oppmoda Laura Djupvik oss til å finne eit journalistisk prosjekt. Mitt prosjekt er enkelt (og kanskje litt pompøst sagt) folkestyre. Eg prøver å undersøkje kven som har makt og kvifor dei har det. Dei siste åra har det kanskje best kome fram i dekninga av kommunereforma. Folkestyre har vore det sentrale for meg då eg arbeidde og seinare sat i leiinga for Nei til EU og Noregs Mållag, i mitt partipolitiske arbeid og no som journalist. Folket skal ha makta. Ferdig snakka.

Til den journalistikken høver folkestyrespråket nynorsk aller best. Ideen om at alle dialektane er bra nok til å vere utgangspunkt for eit riksspråk – den står seg minst like godt no som før. Skal nynorsken ha ein plass, må nokon faktisk skrive han. Vi er ikkje mange politiske journalistar som bruker nynorsk i riksavisene. Heldigvis får eg lov til å gjere det i Klassekampen. Takk for det.

Det er litt gøy å skrive eit språk som tydelegvis er så farleg at redaktørane i dei fleste storavisene ser seg nøyddde til å forby det på redaksjonell plass. Det er heilt fantastisk at redaktør Gard Steiro har oppheva forbodet i VG. Det utdaterte, pinlege og trongsynte nynorskforbodet i Dagbladet, Aftenposten, Dagens Næringsliv og mange, mange andre riksavisar gjer (minst) to ting: Noreg lir eit kulturelt tap. Og sjefen min kan vere trygg på at eg ikkje søker meg til ein større redaksjon med det fyrste.

På ein sommarfest nyleg kom ein såkalla profilert samfunnsaktør bort til meg og sa at hen likte det eg skreiv. Vedkomande ville seie frå om at hen likte nynorsk veldig godt, men rådde meg til å gå over til bokmål. "Det er jo ingen som les det du skriv uansett. Journalistikken din får ingenting å seie." Takk for rådet. Ein politisk rådgjevar svarer alltid at det ikkje er vits i å lese sitatsjekkane eg sender, fordi det er umogleg å skjøne nynorsk. Hen vil styre Norge. Men ikkje Noreg.

Alt dette får sikkert òg vår dyktige redaktør Bjørgulv Braanen høyre. Likevel gjev han rom til både Guri, meg og mange andre nynorskjournalistar. Han tek inn praktikantar frå Nynorsk avissenter i Førde. Han syt for at Klassekampen trykkjer stoff frå Nynorsk pressekontor. Og han forsvarer nynorsken både på leiarplass og elles.

Men det er fleire menn enn Bjørgulv i mitt liv. Min nyhendesjef Kjell-Erik Nordensson Kallset er ei uvurderleg støtte både fagleg og språkleg. Og så er det Kjetil Magne Sørenes, den andre halvparten av politisk avdeling i

Klassekampen: Han er siddisen som vaks opp med Norsk Barneblad, og som ivrig bidreg alle dei dagane vi skriv ut saka vår på nynorsk. Å ha ein bokmålskollega som så heilhuga vil vere med på å skrive nynorsk er nesten meir enn ein kan vente. Som Kjetil sa utpå natta på vårt aller fyrste nachspiel saman: Det journalistiske tospann er ein demokratisk institusjon. Det var så pompøst at eg ikkje visste kor eg skulle gjere av meg. Men som vanleg hadde Kjetil rett. Takk, Kjetil.

Oppsummert: Den nynorske journalistikken har ei stolt fortid. Eg trur på ei endå stoltare framtid.

Og heilt til slutt: Takk, Ivar Aasen.

## Guri Kulås:

Takk. Eg kan ikkje seia at eg kjenner meg som Bob Dylan, men eg kjenner med han. Å skulle takka for uvan og uventa prisheider er ikkje berre lett. Sjølv har eg stødd meg på ein gammal militær, Edvard Os. Han var yrkesoffiser og strid målreisar, men òg viktig for utforminga av bruksnynorsken. Formularboka «Norsk brevbok» kom i minst fem utgåver og har berga mang ein nordmann som har vore i beit for dei rette orda ved ulike høve. I dette tilfellet er høvet vyrdsam takk, og dei rette orda skal vera: *Hjartans takk for glede og æra!*

Hjartans takk til juryen og Kulturdepartementet, som ikkje berre har heidra meg, men òg filmkritikken som journalistisk sjanger. Og takk til Klassekampen som lèt journalistane sjølve velja målform, og som har valt å ha ein fast tilsett filmkritikar i ei tid då mange aviser kuttar i all kulturkritikk. Som nynorsking i bokmålsland er det eit privilegium å arbeida i Klassekampen. Likevel saknar eg ofte fagspesifikk språkrettleiing. Det skortar på innarbeidd og velkjend nynorskterminologi. Ein blir på godt og vondt pressa til å utnytta allmennspråket. Når daudlina nærmar seg, kan løysingane fort bli vel kreative.

Eg kunne ha spara meg sjølv for bry og bydd meg lettare fram for fleire lesarar om eg brukte majoritetsspråket. Det er lettare å skriva korrekt og stilistisk gjennomarbeidd bokmål enn nynorsk. Bokmål er norma, og i pressa er denne norma planta på Aftenpostens konservative grunn, medan nynorsken er det «viltveksande» avviket. I motsetnad til bokmålsjournalistar nyttar vi formrikdomen i ordlista. Vakker i teorien, men så pressa som nynorsken og dialektane er, blir fridomen unekteleg både eit fundament for feilskjer og eit frikort til Stilistikselskapet Disharmonien.

Når nynorsken krev ekstra arbeidsinnsats, er det likevel ikkje fordi han er vanskeleg i seg sjølv, men fordi jamvel nynorskbrukarar ser for lite til han. Derfor er eg takksam for at eg har ein annan og svært kompetent nynorskbrukar i huset, som ofte har gjeve meg språklege løft. Kritikaryrket er



einsamt, så det er gull verdt å ha ein verbal sparringpartner som i tillegg er eit levande, språkleg referanseverk. Så får det heller vera at han er vel framtalande, vel å merka i den gamle tydinga av ordet: som seier ting beint fram. Like før eg fekk vita om denne prisen, var han så oppgjeven over nokre språkfeil eg hadde sett på prent, at han naudbad meg om å ta fri frå arbeid nokre dagar for å gå på eit språkkurs med kommareglar i fokus. De treng altså ikkje vera redde for at rosen i dag skal gå meg til hovudet!

Somme vil kanskje meina at ein kulturjournalist i Klassekampen burde bli uroa av å bli omfamna av Kulturdepartementet, men denne prisen ser eg på som ein viktig symbolsk stønad til kulturell rikdom og minoritetsrettar. Det er òg grunn til å tru at også majoritetsmålet snart vil trenga meir politisk ryggstø for å overleva på alle samfunnsområde i tevling med engelsk. Global språkleg einsretting går hand i hand med kulturell og kognitiv einsretting. Det veit vi som ser 800 filmar i året. Sidan eg er pålagt å vurdera kultur med stjerner, gjev eg alltid ei ekstra stjerne til filmar der det blir tala tungemål vi sjeldan høyrer. Tapet av språkmangfald tar eg nesten like tungt som tapet av artsmangfald.

Då den unge og offensive Edvard Os heldt russetale på nynorsk i Kristiania i 1904, enda det med slagsmål. Det er ikkje sikkert det hadde gått likare i dag. Jamvel når nynorsken er på defensiven som bruksspråk, oppfattar mange majoritetsspråklege det som eit trugsmål at nynorsken blir brukt utanfor dei fysiske og symbolske «reservata». Men skal nynorsk ha ei framtid, kan vi ikkje slutta å utfordra vanen og reservattenkinga hjå majoriteten og oss sjølve. Eg skal halda fram med det frå mi tuve i medieeverda, med å skriva filmmeldingar på nynorsk. Så atter hjartans takk for prisen, for gleda og æra.